



**Dei som ikkje fekk sjå Hardeland-utstillinga i Lemstova på Bygdetunet Rød søndag får ein ny sjanse onsdag kveld frå klokka 19 til 21.
Då vert alle eigarane av Hardeland-bilete særleg inviterte til ei markering klokka 20.**

- Det er ein historie og gode minne bak kvart måleri, seier Kristian Bringedal som vonar at mange vil bidra til ei god samkome.
Etter samlinga på onsdag vert utstillinga demontert og måleria levert attende til utlånarane.
På portrettet over sit Sigurd Dønhaug og les Grimbergs verdshistorie heime i stova. (Foto: Ola Matti Mathisen)